



Bremanger kommune
Postboks 104
6721 SVELGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Bremanger kommune – kontroll av budsjett- og økonomiplan 2019 – 2022

Bremanger kommunestyre har i møtet 20.12.2018, sak 58/18, handsama og vedteke budsjett- og økonomiplan for 2019 – 2022.

Kommunen er innmeldt i Robek (register for kommunar som er underlagt statleg betinga kontroll og godkjenning). Fylkesmannen skal derfor føre kontroll og godkjenne budsjett og låneopptak.

- **Budsjett- og økonomiplan 2019 – 2022 er ikkje godkjent.**
- **Godkjenning av låneopptak blir handsama når budsjett og økonomiplan er godkjende.**

Sakshandsaming

Fylkesmannen har ikkje merknader til kommunen si sakshandsaming. Vi legg til grunn at formannskapet si innstilling for budsjett og økonomiplan, med alle framlegg til vedtak, har lege ute til offentleg gjennomsyn i minimum 14 dagar, jf. kommunelova § 44 nr. 7 og § 45 nr. 3.

Skatteinntekter og rammetilskot

Kommunen har i budsjettering av inntekt på skatt og formue og rammetilskot lagt til grunn prognosar etter statsbudsjettet for 2019, og sum skatt og ramme er budsjettert med 261 mill. kroner.

Folketalsutviklinga i kommunen samanlikna med gjennomsnittet for landet, har ein klar samanheng med utviklinga av kommunens frie inntekter. Kommunen fekk i 2018 ein reduksjon i folketalet på 62 personar. I prosent utgjorde reduksjonen – 1,6 %, medan gjennomsnittleg vekst for landet var 0,6 %. Siste prognosemodell til KS tek utgangspunkt i vedteke statsbudsjett for 2019 og folketal per 01.01.2019 for skatt og inntektsutjamninga. Ut i frå dette er prognosen at Bremanger kommune i 2019 får 260 mill. kroner i skatt og rammetilskot.

Fylkesmannen sin kommentar

Skatteinntekter og rammetilskot er budsjettert i samsvar med framlagt statsbudsjett for 2019. Siste prognosen til KS er oppdatert etter vedteke statsbudsjett og folketal per 01.01.2019. Med ein reduksjon i folketalet for kommunen og vekst for landet, vil det bety ein netto reduksjon i prognose for skatteinntekter og inntektsutjamning i 2019 på 1 mill. kroner. Etter at revidert nasjonalbudsjett for 2019



er framlagt, må kommunen i tertialrapporten vurdere om det må gjerast endringar i rammetilskotet og skatteinntektene.

Tidlegare års meirforbruk

Kommunen har no dekt inn dei store tapa på til saman 230 mill. kroner etter Terra-saka frå 2007 og 2008. Etter førebels rekneskap for 2018 har kommunen eit akkumulert underskot på 21,8 mill. kroner, som vedkjem eit underskot frå 2014 på 25 mill. kroner knytt til tap på derivatavtalar. Dette underskotet skal vere dekt innan 2021.

Kommunen budsjetterte med ei inndecking på 42 mill. kroner i 2018, og det er dette som er lagt til grunn i ny plan for inndecking frå 2019. Ut frå dette har kommunestyret teke utgangspunkt i eit akkumulert underskot på 11,9 mill. kroner per 31.12.2018, og vedteke følgjande plan i mill. kroner:

2018	2019	2020	2021	sum 19-22
42	7	4,9	0	11,9

Førebels rekneskap for 2018 viser eit netto meirforbruk samanlikna med budsjettet. Konsekvensen av dette er at det blir dekt inn 32 mill. kroner i 2018, mot budsjettert 42 mill. kroner. Planen frå 2019 manglar difor 10 mill. kroner. I økonomiplanen er det i åra 2020 og 2021 til saman avsett 3 mill. kroner til disposisjonsfond.

Fylkesmannen sin kommentar

Kommunen skal dekkje inn eit akkumulert underskot på 21,8 mill. kroner innan 2021, og skal ha ein plan for dette. Ettersom planen manglar 10 mill. kroner, må kommunestyret i ny handsaming av budsjett- og økonomiplan vedta ein plan der akkumulert underskot fullt ut blir dekt innan 2021. Budsjetterte avsetjingar til disposisjonsfond i 2020 og 2021 kan nyttast til inndecking.

Driftsbudsjettet 2019

Vi vil kommentere nærmare driftsbudsjettet etter at kommunen har gjort ny handsaming og vedtak for budsjett- og økonomiplan 2019 –2022.

Investeringar 2019

Kommunen legg opp til eit investeringsbudsjett (anleggsmidlar) i 2019 på 28,4 mill. kroner. Investeringane er planlagt finansierte med bruk av ubundne investeringsfond 6,8 mill., nye lån 16,7 mill. og kompensasjon for meirverdiavgift 4,9 mill. kroner. Av låneopptak utgjer lån til VA-anlegg 3,9 mill. kroner.

Etter førebels rekneskap har kommunen per 31.12.2018 kr 43 000 i ubundne investeringsfond. Kommunen v/rådmannen opplyser i ein e-post av 10. april at det i økonomiplanen er teke høgde for påfyll av ubundne investeringsfond ved inngåtte avtalar om sal av eigedom og inngått avtale med vindkraftutbyggar.

Som Robek-kommune er det etter kommunelova § 50 nr. 9 krav om at kommunale låneopptak skal godkjennast av departementet i dei høve som gjeld § 60 i kommunelova. Departementet har delegert dette myndet til Fylkesmannen.

Fylkesmannen sin kommentar

Til finansiering av investeringar har kommunen budsjettert med bruk av ubundne investeringsfond på 6,8 mill. kroner. Men etter større bruk av fond i 2018 enn opphavleg budsjettert, er det ikkje ved inngangen av 2019 tilstrekkeleg med fondsmidlar til å dekkje vedteken finansiering. Kommunestyret må difor gjere eit nytt vedtak om fullstendig finansiering, eller redusere investeringane. Ettersom budsjett- og



Økonomiplan for 2019 – 2022 ikkje er godkjende, blir godkjenning av låneopptak først handsama når kommunen har gjort nye vedtak for budsjett og økonomiplan.

Økonomiplanen 2019 – 2022

Vi viser til våre kommentarar under inndekning av tidlegare års meirforbruk og finansiering av investeringsbudsjettet. Til det siste er det òg budsjettert med bruk av ubundne investeringsfond på 9 mill. kroner til finansiering av investeringar i perioden 2020 – 2022. Vi vil difor kommentere nærmare økonomiplanen når kommunen har gjort ny handsaming og vedtak for budsjett- og økonomiplan 2019 – 2022.

Vedtak:

Fylkesmannen skal føre lovlegkontroll av budsjettvedtaket til Bremanger kommune, jf. kommunelova § 60 nr. 2. Vi har føreteke kontrollen, men budsjett 2019 og økonomiplan 2019 – 2022 er ikkje godkjende som følgje av manglande plan for inndekning av tidlegare års meirforbruk og ufullstendig vedtak for finansiering av investeringsbudsjettet. Kommunen må derfor innan 01.07.2019 handsame og vedta budsjett 2019 og økonomiplan 2019 – 2022 på nytt.

Godkjenning av låneopptak for 2019 blir handsama når budsjett og økonomiplan er godkjent.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi per e-post: Kryss revisjon – postmottak@kryssrevisjon.no